

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 25.11.2024

Vår ref.: 202406844-10 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Wind Catching Demo - Høyring av melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har fått melding frå Wind Catching Demo AS om demonstrasjonsanlegg for havvind. Anlegget er planlagt i havområdet utanfor Vestland fylke og nettilknytning vil vera ved Kollsnes i Øygarden kommune.

Høyringsfristen er 17. januar 2025.

Meldinga

Prosjektet er planlagt som eit demonstrasjonsanlegg for teknologien Windcatcher. Windcatcher er eit flytande turbinsystem der fleire rotorar og generatorar er samla på ei enkel flyteeining. Prosjektet er delt inn i to fasar. Fase 1 inneber utbygging av to flyteeiningar à 40 MW. Samla omfattar planen fire slike einingar med ein samla installert effekt på 250 MW. Sjølve anlegget er planlagt å liggja rundt 18 km ut frå kysten av Lyngøya og vil derfor kunne bli synleg frå land. Planlagd ilandføring er på Ona, med tilkopling til nettanlegg ved Kollsnes.

Tiltakshavar skriv at formålet med prosjektet er å kvalifisere vindturbindssystemet for den norske og internasjonale marknaden for flytande havvind. Wind Catching Demo AS er eit heileigd dotterselskap under Wind Catching Systems AS.

Meldinga med utkast til KU-program er tilgjengeleg på NVEs nettstad for saka: www.nve.no/20399/a.

Høyringsfråsegn

I samband med høyringa av søknad med konsekvensutgreiing ønsker NVE innspel på følgande:

- manglar i den førebelse konsekvensbeskrivinga i meldinga
- innhald i utgreiingsprogrammet, inkludert tema som manglar, spesielle lokale omsyn og innspel til metodar som bør nyttast i utgreiinga



De kan senda innspel på følgande måtar:

- via skjema for innspel som de finn på ovannemnde nettstad for denne saka
- på e-post nve@nve.no (merk tittel «Høyringsfråsegn 202406844» og legg med namn/organisasjonsnummer)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 Oslo.

Innspel til saka skal sendast NVE innan **17. januar 2025**.

Invitasjon til møte i Øygarden

NVE held folkemøte om meldinga 9. desember kl.18:00. Møtet finn sted i Torsvikhuset, Haugetunvegen 2, 5337 Rong. NVE vil orientera om saksbehandlinga. Wind Catching Systems vil orientera om prosjektet.

NVE held også eit orienteringsmøte kor lokale og regionale myndigheiter er invitert til å delta. Møtet blir heldt 9. desember kl. 12:00 kommunehuset i Øygarden, Foildnesvegen 1, 5354 Straume.

Proessen vidare

NVE vil kunngjera høyringa av meldinga i aktuelle aviser.

Etter høyringa vil NVE fastsetja eit konsekvensutgreiingsprogram (KU-program), som beskriv dei utgreiingane Wind Catching Demo AS må gjennomføra før dei kan søkja om konsesjon.

Dersom Wind Catching Demo AS utarbeider ei konsekvensutgreiing, kan dei søkja konsesjon for tiltaket etter havenergilova § 3-1 og energilova § 3-1. Styresmaktene for energi vil då gjennomføre ei ny høyring i samband med søknaden. Det er først i denne fasen ein skal ta stilling til om tiltaket skal få konsesjon eller ikkje.

For meir informasjon om NVEs konsesjonsbehandling av havvindsaker, sjå NVEs nettstad: <https://www.nve.no/energi/energisystem/havvind/konsesjonsbehandling-og-lovverk/>

Med helsing

Erlend Sveen Finstad
Seniorrådgiver

Godkjent av Ann Myhrer Østenby
Seksjonssjef

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

**Mottakarliste:**

RIKSANTIKVAREN
Havforskningsinstituttet
Norsk institutt for naturforskning - NINA
Sjøfartsdirektoratet
SOKKELDIREKTORATET
BERGEN KOMMUNE
STATNETT SF
AUSTEVOLL KOMMUNE
ASKØY KOMMUNE
Austrheim kommune
Fedje kommune
Meteorologisk institutt
FORNYBAR NORGE
NORGES NATURVERNFORBUND
Forsvarsbygg
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)
Norges Miljøvernforbund
Nasjonal kommunikasjonsmyndighet
TELIA NORGE AS
TELENOR NORGE AS
Birdlife Norge
Luftfartstilsynet
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Kystverket
AVINOR AS
EQUINOR ASA
WWF Norge AS
Zero Emission Resource Organisation AS
Fiskeridirektoratet
NORSK INSTITUTT FOR VANNFORSKNING
Norges fiskarlag
FISKEBÅT
SØR-NORGES FISKARLAG
Norsk Luftambulans AS
Norges Televisjon AS
Naturvernforbundet
NORGES LUFTSPORTFORBUND
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
MOTVIND NORGE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
ØYGARDEN KOMMUNE
ALVER KOMMUNE



Bergens Sjøfartsmuseum
Pelagisk forening
OFFSHORE NORGE AS
NHO LUFTFART

Kopimottakarliste:

ØYGARDEN KOMMUNE - RÅMUND SKJOLD
WIND CATCHING SYSTEMS AS - Daniel Engelhart-Willoch